

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 25.11.03 **Tid:** 14.30 – 18.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Janne Iren Drevsjø

Frode Bjørnås

I staden møtte:

Anne Amalie Lønnebakken

Det var synfaring i samband med sak nr. 53/03 reguleringsplan på Ådland. Utvalet møtte då representantar for dei som har fremja reguleringsplanen.

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining, landbruk- og miljøsjef og administrasjonssjef.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27. november 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit viste til at ein del huseigarar i kommunen har fått rekning på feing/tilsyn utan at det er gjennomført.

Administrasjonen v. Haga orienterte om at det vert sett på saka. Når feiar er attende, vil det verta laga ein oversikt over kor mange huseigarar dette gjeld. Det må då tilbakeførast pengar til dei som har betalt og ikkje har fått utbetalt tenesta. Vidare vil administrasjonen vurdere kva nye rutinar som må på plass for at slikt ikkje skal skje i framtida. Det vil og verta sett nærare på heile feiarordninga.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Leiar orienterte om korleis han for framtida ville leggje opp gjennomgangen på utsendt liste over delegerte vedtak. Teksten må forberast slik at det er mogleg å få kjennskap til kva som er omsøkt, dvs. type søknad med adresse. Det må og sjå på moglegheit for å få inn utdrag av vedtaket i oversikten. Dersom medlemmane ønskjer nærare opplysning, må dei ta kontakt med sakshandsamar, og vidare ta opp spørsmål i møtet.

Utvalet semja seg om at møta i naturutvalet vert onsdagar frå kl 15.00.

Det vart orientert om framlegg til kommuneplan – arealdelen. Denne vert lagt ut til offentleg ettersyn med det første.

Ein del spørsmål knytt til evt. omregulering av reguleringsplanen for bustadfeltet på Lønnebakken vart teke opp.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0052/03	03/00316 KLAGE - DELINGSSAK GNR 3, BNR 4.
0053/03	03/00163 PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR 17, BNR 1 PÅ ÅDLAND.

0052/03

KLAGE - DELINGSSAK GNR 3, BNR 4.

Framlegg til vedtak::

Klagen frå Odd og Laura Waage vert ikkje teke til følgje.

Det er ikkje funne nye moment i høve til første gangs handsaming som tilseier at klagen vert teke til følgje.

Klagen er handsama i høve til forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjersle.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Klagen frå Odd og Laura Waage vert ikkje teke til følgje.

Det er ikkje funne nye moment i høve til første gangs handsaming som tilseier at klagen vert teke til følgje.

Klagen er handsama i høve til forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjersle.

0053/03

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR 17, BNR 1 PÅ ÅDLAND.

Framlegg til vedtak::

Framlegg til reguleringsplan over område av gnr 17 bnr 1 vert ikkje lagt ut til offentleg ettersyn då me ikkje finn framlegg til vegløyising tilfredsstillande.

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på staden og møtte der representantar for dei som har utarbeidd privat reguleringsplan.

Sture Tveit/Idar Reistad sette fram slikt framlegg til vedtak:

Før utlegging av planen må fylgjande rettast opp:

Vegen må utvidast i nederste del slik at det gjev betre rom for fotgjengartrafikk.

Det må lagast reguleringsføresegner til planen.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Utvalet vurderar saka slik at planen kan leggjast ut til off. ettersyn utan vidare politisk handsaming når dei ovannemnde punkta er retta opp. Dersom det likevel viser seg naudsynt med handsaming i utvalet, vil naturutvalet ta eit ekstra møte på planen då kommunen har vore sein med å fremja planen til første gangs handsaming.

Vedtak:

Før utlegging av planen må fylgjande rettast opp:

Vegen må utvidast i nederste del slik at det gjev betre rom for fotgjengartrafikk.

Det må lagast reguleringsføresegner til planen.